



Gudbrandsdalsmusea

Årsrapport 2025

Gudbrandsdalsmusea AS



Innleiing

Gudbrandsdalsmusea er djupt forankra i kulturen og tradisjonane i Gudbrandsdalen – både den historiske og den levande, den materielle og den immaterielle. Gudbrandsdalsmusea forvaltar kulturarven gjennom dokumentasjon og registrering, formidling og forskning. Institusjonen fyller ein unik funksjon i samfunnslivet i dalen, og er ein viktig premissegjevar i det breie, offentlege rommet.

Gudbrandsdalsmusea er eit kulturelt samlingspunkt og ein møteplass for eit mangfaldig publikum. Rekruttering og engasjement blant fleire og nye grupper er viktig, og barn og unge er ei prioritert gruppe.

Gudbrandsdalsmusea er eit driftsselskap etablert ut frå ei felles målsetting om å vere regionmuseum for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen. Gudbrandsdalsmusea skal drive, drifte og utvikle museet som institusjon, og dei ulike avdelingane.

Gudbrandsdalsmusea er eit nonprofit selskap. Eventuelt overskott skal først attende til selskapet.

Gudbrandsdalsmusea bidreg til ei miljøvenleg og berekraftig utvikling av museet gjennom konkrete mål og satsingar.

Verda – no

Det er krig i Europa, dyrtid og ein vilter natur som skapar nye og andre utfordringar. Totalitære regime er på frammarsj i land nær oss. Meir enn nokon gong bør vi lære av historia – for å forstå korleis vi best skal handle for framtida. Meir enn nokon gong skal musea vere ror og kompass når verdiar står på spel.


Korleis rustar vi dei unge for framtida i ei uroleg verd når individualismen og eigne behov trumfar det meste? Vil samfunnet vi kjenner, overleve ei alvorleg krise dersom ingen lenger bryr seg om fellesskapen? Meir enn nokon gong må vi arbeide med tema om etikk, verdiar og beredskap. Beredskap handlar om motstandskraft og aktiv deltaking – i vidaste forstand. Det handlar om gutar og jenter med våpen i handa, men òg om alt det andre som må gjerast: sikring av kulturminna, vedlikehald av vegnett og straumkablar, produksjon av maten vår. Beredskap er å bidra – der du kan.

Musea sitt samfunnsoppdrag endrar seg. Meir enn nokon gong skal musea verke i samtida, dei skal løfte tema som er relevante og aktuelle, eller tema vi sjeldan og aldri snakkar om. Eit vidløftig oppdrag. Nettopp difor er det så viktig at vi tek det på alvor.

Stortingsmelding 23 (2020–2021) Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid, som kom i 2021, dreg opp fem generelle hovudmål for musea:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling
- Heilskapleg samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

I praksis betyr det at musea – i større grad – skal verke i samtida og for samfunnet, dei skal legge til rette for møte mellom menneske, vere aktuelle og relevante, legge til rette for mangfald, inkludering og involvering.



1: Prosjektet **Grønne Røtter**. 2: Synne Kjøk. 3: Frå seterdagen i Finndalen. 4: Skulestrid. Foto ukjent


Gudbrandsdalsmusea er i gang med revidering av ny strategi. Gjeldande strategi gjekk ut i 2025. Dokumentet er ikkje ferdig enno, men tilsette og styret har mål om å levere ferdig strategi til hausten.

Eit viktig mål med den nye strategien er å gjere kulturarven levande gjennom å bevare, formidle og aktualisere den felles historia vår. Det skjer i meiningsfullt samspel med lokalsamfunnet og regionale og nasjonale aktørar. Vi har peika ut fire verdiar for museet som vi meiner er eit godt og framtidsretta grunnlag å bygge drifta vidare på. Mellom anna skal museet vere nytenkande, gjestfrie, ansvarlege og kunnskapssøkande.

Gudbrandsdalsmusea arbeidar etter høge etiske standardar slik vi kjenner dei gjennom museumsfelleskapen **ICOM – International Council of Museums**. Deira beskriving av museum og museumsarbeid blir forstått slik:

A museum is a not-for-profit, permanent institution in the service of society that researches, collects, conserves, interprets and exhibits tangible and intangible heritage. Open to the public, accessible and inclusive, museums foster diversity and sustainability. They operate and communicate ethically, professionally and with the participation of communities, offering varied experiences for education, enjoyment, reflection and knowledge sharing. (ICOM // 2022)

I 2007 ratifiserte Noreg konvensjonen om den immaterielle kulturarven. Den forpliktar oss til å føre ein politikk som sikrar kulturarven for ettertida. Museets eigen tiltaksplan tek høgde for nettopp forventingane i konvensjonen – gjennom tiltak som kurs og seminar, rådgjeving og formidling. Tiltaka er eit konkret svar på dei nasjonale måla med å sikre kulturarven endå meir.



1: Stabburstdør på Kvarberg. 2: Høner i Finndalen. 3: Gudbrandsdal krigsminnesamling. 4: Tine Hegli frå Arkitektur- og designhøgskulen i Oslo.

Besøk

2021:	67 748
2022:	68 934
2023:	73 045
2024:	57 576
2025:	54 799

Inkludert i tala er deltakarar på kurs, konsertar og seminar, frivillige, brukarar av friluftsavdelingane, skuleformidling, betalande publikum og andre.

Besøkstal til Bergverksutstillinga på Sel bibliotek er ikkje med i utrekningane i år. Heller ikkje besøkande til den tidlegare stavkyrkjeutstillinga i Lom. Denne er for tida stengd.

Gudbrandsdalsmusea er det minste konsoliderte museet i Innlandet. Vi trur på den vesle kulturen, og at

kulturen får vekse – også i dei minste grendelaga. Ei slik organisering er òg ei styrke. Ikkje minst for kulturlivet i kvardagen, der folk bur. Gudbrandsdalsmusea har generelt stor aktivitet. Det skjer mykje – både arbeid ut mot eit betalande publikum og fleire hundre frivillige. Med over 200 registrerte arrangement er vi på høgde med dei større musea i Innlandet.

Museet er under omstilling. I 2025 og i skrivande stund arbeider vi for å kvalitetssikre alle registreringar av besøkande. Noverande system er ikkje godt nok.



Digitale flater

Facebook-følgjarar	2023	2024	2025
Gudbrandsdalsmusea	3 847	4 736	5 209
Pilegrimssenter DG	531	629	737
Lesja Bygdemuseum	1 531	1 899	2 022
Vågå Bygdemuseum	905	1 157	1 692
Lom Bygdemuseum	802	835	965
Norsk fjellsenter	4 302	4 461	4 585
Samla antal følgjarar	11 925	13 715	15 210

Instagram-følgjarar	2023	2024	2025
Gudbrandsdalsmusea	1 200	1 376	1 575
Norsk fjellsenter	2 320	2 469	2 571
Samla antal følgjarar	4 286	3 845	4 146

www.gudbrandsdalsmusea.no	
Unike besøkande	13 451
Totalt besøk	14 543
Totalt antal sidevisingar	37 430



Jørundgard / Sel.

Økonomi

Etter eit større underskott i 2024 er det gjort grep for å snu den økonomiske utviklinga. Difor er det gledeleg at museet går med eit godt overskott i 2025. Tek ein omsyn til posteringa av ubrukte midlar, er overskotet på kr 137 555. I forhold til budsjett er dette eit avvik på kr 15 245. Særleg takk til Rune Kleiven og Snøhetta Rekneskap, som har vore tett på arbeidet.

Gudbrandsdalsmusea er det minste konsoliderte museet i Innlandet. Tilskott frå staten i 2025 var 5 745 000 kroner. Museet har ikkje hatt auke i driftstilskottet frå Kulturdepartementet sidan 2015.

Forslaget til kompensasjon for løns- og prisvekst for 2025 følgjer dessverre ei negativ utvikling. Den økonomiske utviklinga rammar museet si evne til å løyse samfunnsoppdraget slik dette er utforma i Museumsmeldinga. Ved naturleg avgang har ein måtte omprioritere ressursane til forsterka innsats på andre og meir kostnadskrevjande driftsområde, dette for å møte eit nytt kostnadsbilete (straum og pensjon) og forventningar knytt til digital formidling, digitalisering og profesjonalisert samlingsforvaltning.

Tilskott frå kommunane og Innlandet fylkeskommune har vore meir og mindre uendra i fleire år og held ikkje tritt med den generelle pris- og lønsveksten.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand på Hundorp, er eit avtalefesta oppdrag som Gudbrandsdalsmusea har i si portefølje. Tilskott til drifta av Pilegrimssenter Dale-Gudbrand blir tildelt av Nidaros Domkirkes Restaureringsobjekter, etter søknad.

Gudbrandsdalsmusea har eit konsolidert samarbeid med Norsk Fjellmuseum i Lom, som betyr at fylkeskommunale midlar blir tildelt og overført til Norsk Fjellmuseum i form av øyremerka midlar.

Gudbrandsdalsmusea forvaltar tilskott og tildelingar i tråd med retningslinene. Arbeidet med planar og budsjett er forankra i leiinga med jamleg rapportering av resultat og balanse i styret.

Likviditet

Gudbrandsdalsmusea har levert eit positivt resultat for 2025, noko som betyr at likviditeten har gått opp. I tillegg til ordinære likvide midlar har selskapet oppsparte midlar.

Museet hadde i 2024 eit stort underskott. Skuta er snudd, og selskapet leverer eit godt overskott i 2025, som er nødvendig i ei tid der særleg offentleg tilskott ikkje lenger held tritt med løns- og prisveksten.

Nær 70 prosent av inntektene i museet er offentlege tilskott. Sidan desse blir utbetalt på forskott og halvårleg, har det ikkje vore utfordringar med tanke på betalingsevne og likviditet.

Eigeninntekter

Gudbrandsdalsmusea har arbeidd godt – både styret og tilsette – for å auke eigeninntektene i museet. Inntektene kjem frå auka sal av varer, sal av tenester og fleire prosjektinntekter – både offentleg støtte og støtte frå private stiftingar.

Løns- og pensjonskostnader

Lønskostnaden i 2025 har auka med kr 199 567 sidan året før. Dette skuldast i hovudsak at fleire av dei tilsette har fått ei oppjustering av løna – i tillegg til ordinær lønsregulering. Museet er i gang med etablering av ein lønspolitisk handlingsplan. Skal museet vere konkurransedyktig i framtida, er det eit mål å tilby høgare løn til nytilsette.

To tilsette nådde pensjonsalderen i 2025 og valde å avslutte arbeidsforholdet. Fleire andre har nått pensjonsalderen. I løpet av året blir det utskiftingar i arbeidstokken – som igjen vil utfordre lønsnivået og lønsutgiftene. Pensjonskostnaden har gått noko ned og er forventa å gå ytterlegare ned i 2026. Lønsnivået i Gudbrandsdalsmusea er lågt samanlikna med andre museum i Innlandet.

Eigenkapital

Eigenkapitalen i Gudbrandsdalsmusea har styrka seg vesentleg sidan 2024. Eigenkapitalen er per 31.12.25 på kr 2 480 183.

Andre sentrale problemstillingar

Selskapet har styrka arbeidet med nye prosjekt, og har fått fleire prosjektmidlar frå eksterne støttegjevarar. Vi har opparbeidd god kontroll på arbeidet med prosjekta. Det er elles viktig å budsjettere prosjekta slik at eigeninnsatsen i museet blir teken med i rekneskapen.

Gudbrandsdalsmusea er avhengig av føreseielege rammer. Offentlege tilskott følgjer dessverre ikkje den generelle løns- og prisveksten. Museet har sidan 2015 ikkje fått ekstra driftsstøtte frå staten. Gudbrandsdalsmusea vil mykje, men treng fleire ressursar. Handlingsrommet for utvikling og drift er trangt, og det gjer museet til ein veslebror i alt museumsfagleg arbeid.

Effektiv ressursutnytting

Gudbrandsdalsmusea har i 2025 utarbeidd nytt og betre budsjettoppsett og vi har fått på plass nye rapporteringsrutinar.

På vårparten i 2025 blei prosjektet Villreinarven for periode til og med 2024 sluttrapportert til Miljødirektoratet, og denne rapporten er godkjend av direktoratet. I balansen sto det igjen ubrukte midlar på kr 616 962. Dette er midlar som gjeld eigeninnsats og dugnad frå deltakarane – mellom anna Gudbrandsdalsmusea. Prosjektperioden er avslutta, og ny periode (2025) er starta opp. Med bakgrunn i dette er ubrukte midlar på kr 616 962 inntektsført som anna driftsinntekt. Resultatet for 2025 er difor kr 616 962 høgare enn om prosjektet ikkje var avslutta.

Samarbeid

Vi kan skape mykje åleine, men vi har mykje å hente gjennom samarbeid og tette relasjonar med andre institusjonar, grupper og miljø.

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med dei ni eigarkommunane i Gudbrandsdalen. I 2024 og i 2025 har museet etablert faste møte med politisk og administrativ leiing i kommunane, og med kommunestyra. Det er eit mål å vidareføre desse samtalane – om ikkje årleg, så jamleg.

Gudbrandsdalsmusea har eit konsolidert samarbeid med Norsk Fjellmuseum. Vi vil i åra framover styrke samarbeidet med museet, både når det kjem til formidling og samordning av oppgåver. Museet har òg eit tett samarbeid med Stiftelsen Ringebu Prestegard.

Museet er i gang med revidering av avtalane med både Stiftelsen Ringebu Prestegard og Norsk Fjellmuseum. Det er eit ynske og eit mål at også avtalane mellom kommunane og museet blir revidert.

Gode møteplassar er sentralt i alt arbeidet i Gudbrandsdalsmusea – om det skjer i friluftsavdelingane, i arkiva eller i eit ope arrangement andre stader. Og sjølv om vi er eit lite museum, er bakgården av frivillige enorm og ein viktig del av infrastrukturen i museet.



Gudbrandsdalsmusea og Jotunheimen vidaregåande skule inngjekk intensjonssamarbeid i 2025. Direktør Knut Aastad Bråten saman med rektor Tor Olav Mundal.

I 2025 har vi fått på plass ein Frivilligpolicy som er ei rettesnor for det frivillige arbeidet. Museet har nær 500 frivillige med på laget, noko som gjer museet til ein tungvektar nasjonalt. Museet har og eigne forsikringsordningar for frivilligarbeid.

Gudbrandsdalsmusea har tett dialog med Innlandet fylkeskommune, med større og mindre satsingar. I 2025 fekk vi tilsegn om fleire ressursar til bygningsvernådgjevartenesta, som betyr at museet aukar staben frå ein til to bygningsvernådgjevarar. Ny rådgjevar er på plass og får kontorplass på Dale-Gudbrands Gard på Hundorp.

Museet er og aktivt med i nasjonale forum som Norges Museumsforbund, i Museumsforum Innlandet og andre museumsfelleskap.

I 2025 har museet revidert avtalen med Ole Bull Akademiet på Voss og Hjerleid på Dovre, og vi har nyleg etablert intensjons-samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving, Nasjonalt senter for fjellandbruk, Schübelers Hager, Jotunheimen vidaregåande skule, Bakkestugus vener i Skåbu, for å nemne nokre.

Gudbrandsdalsmusea skal i 2026 halde fram samarbeidet og samordninga med kommunane, regionen, fylkeskommunen og andre sektorar.

Bygningsvernådgjevarordninga i Gudbrandsdalsmusea har ei stor stjerne hjå Innlandet fylkeskommune. Her frå ei samling på Tofte på Dovre. Frå venstre: Torill S. Nygård frå fylkeskommunen, bygningsvernådgjevar Håvard Syse og bonde Olav Tofte.



Gudbrandsdalsmusea deltek i mellom andre desse foruma og nettverka:

- Museumsforum Innlandet
- Bergverksnett
- Innlandsarkivet
- Nettverk for folkemusikkarkiv
- Krigshistoriske museum
- ICOM
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Green pilgrimage
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier
- «ACSOW – Association for the cultural route of St Olav ways»
- Bakkestugus venner
- Bygningsvern – Nettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Dovre og Lesja krigsminnesamling
- Fortidsminneforeininga
- Green pilgrimage
- Gudbrandsdal historielag Dølaringen
- Gudbrandsdal næringsforeining
- Hjerleid
- ICOM
- Innlandsarkivet
- Jotunheimen vidaregåande skule
- Lokale historielag
- Museumsforum Innlandet
- Museumsnettverk: Carving out a space
- Museumsnettverk: Det nasjonale Bergverksnettverket
- Nettverk for bygningsvernrådgjeverar i Oppland
- Nettverk for norsk folkemusikkarkiv
- Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule
- Norges Museumsforbund
- Norges Museumsforbund – Nasjonalt kulturlandskapsnettverk
- Norsk kulturarv
- Norsk villreinsenter
- Ole Bull Akademiet
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier
- Pilegrimsfelleskapet St. Olav
- Rada Reiseliv
- Stiftelsen Ringebu prestegard
- UiO Kulturhistorisk museum
- Veneforeiningar
- Øygarden kulturgard

Digital satsing

Gudbrandsdalsmusea har i lengre tid arbeidd for skifte av IT-leverandør. Gudbrandsdalsmusea har vore i dialog med KulturIT i 2025 om overgang som fulldriftskunde. KulturIT leverer skreddarsydde løysingar for museumsbransjen, og det er forventingar om betre funksjonalitet og tilpassing til verksemda.

Styret har heile vegen vore positive til overgangen, og på nyåret i 2026 vart det skrive ny avtale med KulturIT. Ein føresetnad for overgang til KulturIT som fulldriftskunde er deltaking som medeigar.

KulturIT er musea sitt eige IT-selskap og skal fremje ei brei digital utvikling i sektoren. Selskapet er eigd av museum i Noreg og Sverige.

Frå Finndalen. Foto Bortelaget



Arkiv- og samlingar

Historiske kjelder er spennande materiale. Kjeldene er som titteskåp inn i fortida. Ei kyrkje-bok eller ei ættesoge – båe er viktige bidrag til forteljninga om Noreg – og deg.

Gudbrandsdalsmusea fører ein restriktiv og konservativ inntakspolitikk. Magasintilhøva er akseptable – både når det gjeld klima og sikring, men kapasiteten gjev ikkje rom for innsamling i særleg grad.

Hovudmagasinet ligg i Vågå, mindre maga-sin har vi i Lom, i Sel, på Lesja og på Ringebu. Potensialet for betre oppbevaring og sikring av større gjenstandar, er stor, og sikringa av desse blir vurdert løpande.

Lillehammer Museum inviterte i 2025 Gud-brandsdalsmusea og andre museum i Innlandet med i eit utgreiingsprosjekt om eit framtidig, felles bevaringssenter. Sjølv om magasinsituasjonen i Gudbrandsdalsmusea ikkje er prekær, helsar vi initiativet velkome.



Frå studietur til Anno Bevaringssenter på Elverum.

Per i dag manglar vi eigen arkiv- og samlingsansvarleg, men avdelingsleiaren på Lesja bygdemuseum har fått eit koordineringsansvar for arkiv- og samlingsoppgåvene.


For arkiv, bilete, lyd og video har vi ein open inntaktspraksis. Det har i 2025 vore ein overordna ambisjon å få registrert og katalogisert mengda av historiske foto. Det er gledeleg å sjå at dette arbeidet har gitt positivt resultat. Ein del materiale er klausulert slik at originalmateriale ikkje kan leggest på nett. Vi søker då å legge ut innhaldslistar over kva som finst i arkiva, slik at publikum kan oppsøkje desse. Digitaliserte foto og gjenstandar blir publisert i arkivportalen og på Digitalt museum.

Ved alle samlingsavdelingar er det kontinuerleg arbeid med gjennomgang, sikring og ivaretaking av samlingane. Arkiv- og samlingsmedarbeidarane koordinerer arbeidet gjennom fleire møtepunkt både digitalt og fysisk.

Tilgangen på privatarkiv er god, og privatarkiv er av vesentleg verdi for lokalhistoria. Gudbrandsdalsmusea har eit særleg tett samarbeid med einskilde historielag om digitalisering av innsamla foto, registrering og tilgjengeleggjering.

Gudbrandsdalsmusea har fleire avdelingar rundt om i Gudbrandsdalen med nær 50 eldre bygningar frå 1700- og 1800-talet. Den eldre bygdehistoria er godt dokumentert. Det har vore jamt vedlikehald i fleire år, men det hastar med å gjere nye tiltak på fleire av dei.

Etterslepet med bygningsarven i norske museum er likevel stort. Eit varmare og våtare klima utfordrar bygningskulturen. Gudbrandsdalsmusea følgjer nøye med på status, og prioriterer tiltak i lag med eigarane på kvar lokasjon. Vi er ikkje i mål med istandsetting av tre stabbur på Lom bygdemuseum, og manglar noko finansiering.



Vi er – som tidlegare nemnt – i full gang med revidering av museets strategi, og reknar med å vere ferdig hausten 2026. Seinare går vi i gang med revidering av samlingsplanen, som vil vere eit godt og oppdatert planverk å forhalde seg til i åra framover.

Antal objekt	2024	2025
Arkeologiske gjenstandar	112	112
Digitalt fødde objekt (t.d. digitale fotografi)	26 300	26 300
Fotografi	407 397	445 766
Hageanlegg	0	1
Kulturhistoriske bygningar	48	48
Kulturhistoriske gjenstandar	14 247	14 459
Kulturlandskap	4	4
Kunsthistoriske gjenstandar	183	183
Naturhistoriske gjenstandar	582	582
Vassgåande farkostar i drift	7	7

Stein Grjotheim,
arkivar i Skjåk.

Formidling og tiltak

Gudbrandsdalsmusea er eit museum med avdelingar og engasjement rundt om i heile regionen. Slik kjem museet også nært folk – der folk bur. I 2025 har museet gjennomført nær 200 tiltak i regionen, alt frå kurs og foredrag til demonstrasjonar, gatekunst, seterbesøk og skuleopplegg. Tiltaka skjer i meningsfullt samarbeid med frivillige og andre miljø.

Under fylgjer ei oppsummering av noko av dette. De finn fleire tiltak i omtala av kvar avdeling bak i dette dokumentet.

I 2024 fekk vi økonomisk støtte frå Fritt Ord til gjennomføring av fleire samtalar og foredrag. Tiltaka vart gjennomført i 2025. På scenen stod Egil Ulateig (på Lesja, Vinstra og Vågå), Harald Sunde (Otta), Mona Levin (Lesja), Marit Beate Kasin (Dovre) og samtale om ungdomsidentitet (Otta).

I 2024 fekk museet økonomisk støtte frå Fritt Ord til gjennomføring av ei **vandreutstilling om Otto Ekren**. Otto vart sterkt råka av polio i seksårsalderen. Føtene var nærmast lamme, og Otto sleit med å kome seg fram. Det hindra



Frå samtale om ungdom og identitet på Aktivitetshuset på Otta. Frå venstre elevane Sigrid Avdem og Johanna Matre Rognerud, helsesjokepleiar Synnøve Rindhølen Harerusten og psykolog Helene Toxe.

likevel ikkje eit aktivt og meningsfullt liv. Det var ikkje sjølvsgt for alle. Utstillinga blir lansert i 2026. I samband med utstillinga lagar vi ein katalog om utanforskap med bidrag frå

forfattar Jan Grue, rådgjevar i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU), Synne Lerhol og kommentator i Natio-
nen, Kari Gåsvatn.



I 2025 produserte og lanserte vi ein kortfilm om korn og kornmangel. **Frå overskott til kollaps**, heiter filmen. Med filmen ynskjer vi å formidle korn i eit lokalhistorisk perspektiv og under ein større himmel: Kva skjer når det blir mangel på korn i verda og kamp om matressursane? Filmen blir synt fram i kornmagasinet på Lesja bygdemuseum, og den er tilgjengeleg på nettsida vår. Filmen vart til med støtte frå prosjektet **Eit skigardsdele**. Jørn N. Ranum produserte filmen. Teksten var skriva av Guri Sørungård Botheim.

Sjå [Frå overskott til kollaps](#).



Gudbrandsdalsmusea har saman med filmselskapet Bortelaget på Dovre dokumentert heimreisa frå Finndalen og til Skjåk. Filmen fekk namnet **Heimreisa**. Målet med tiltaket er å skape engasjement og interesse for seterkulturen, men òg for naturen og fjellet – og samspelet mellom dyra og omgjevnadane.

Sjå [Heimreisa på YouTube](#).

Gudbrandsdalsmusea lanserte hausten 2024 ei **kurspakke i ulike handverkstradisjonar**.

Målet med kursrekka er å skape engasjement blant nye grupper, senke terskelen for deltaking og sikre kunnskapen om lokale tradisjonar – som immateriell kulturarv og som del av ein kvardag. I 2025 gjennomførte vi kurs i ringing med kyrkjeklokker (Lesja), munnharpe (Sør-Fron), komposisjonsmåling (Dovre), kolrosing (Lesja), smiing (Nord-Fron), kjøkenreiskap i tre (Dovre), brodering på og med lin (Vågå) og telemarksbinding (Vågå). Fleire av kursa har blitt til i samarbeid med husflidslag, spelemannslag, bibliotek og andre.

I 2025 har vi òg utvikla ei kurspakke i tradisjonshandverk for born og unge. Prosjektet **GUB** skjer i samarbeid med eksterne tradisjonshandverkarar, og er støtta økonomisk av Sparebank 1 Gudbrandsdal. Vi har gjennomført fleire kurs på skulane i Midtdalen, og held fram også i 2026.

Det årlege **Gudbrandsdalsseminaret** er den viktigaste møtestaden for lokalhistorisk interesserte i Gudbrandsdalen gjennom året. Seminaret vart etablert i 2009 i eit samarbeid mellom Opplandsarkivet avdeling Maihaugen, Oppland fylkeskommune, Gudbrandsdalsmusea og Gudbrandsdal historielag. Målet

med seminaret er å skape ein møteplass med gode foredrag for ulike lokalhistorisk interesserte, akademikarar og andre og presentere nyare forskning og historiegranskning. I 2025 vart seminaret arrangert på Otta kulturhus. Nær 380 personar var med – alt frå skuleklassar til vaksne deltakarar.

I 2025 var museet vertsskap for ei vår-samling for alle arkivarane i Innlandsarkivet. Seminaret vart til i Vågå. Gudbrandsdalsmusea var òg vertsskap for Riksantikvaren si samling **Middelalder i tre**. Seminaret gjekk av stabelen i Vågå.

I mars 2025 gjennomførte Gudbrandsdalsmusea og ei større samling på Kvam i Nord-Fron for alle historielaga i Gudbrandsdalen. Samlinga var i tett samarbeid med Gudbrandsdal Historielag Dølaringen. Samlinga blir gjentatt også i 2026.

Utstillinga **LIN. Frå frø til tråd** var hovudsatsinga til museet i 2024. Med utstillinga ynskte museet å formidle linet si fascinerande historie frå utryddingstrua tekstil til det grønne skiftet. Utstillinga vart svært godt motteken, og vart sett opp att i ny drakt – **LIN 02** – i 2025. Det er kurator Kirsten Visdal som har hatt ansvaret for utstillingane.



Liesl Chatman var kurshaldar i kolrosing. Foto Privat




Daniel Kvammen på Otta. Foto Einar Almehagen / GD




Frå Vasspreiardagen i Lom.

Marie Klåpbakken og
ei ung songstjerne
på Øygarden / Sel.



Smiding på
Øygarden / Sel.



I 2025 gjekk vi i gang med fyrste fase av revitalisering av stavkyrkjeutstillingane i museet. Utstillingane i Lom og i Ringebu har stått uendra i fleire år. Det er med andre ord tid for å tenkje nytt. Gudbrandsdalsmusea har tatt initiativ til møte med både Lom kommune og Lom kyrkjelege råd, og med Ringebu kommune og Stiftinga Ringebu prestegard. Det er gjennomført eit fellesmøte og fleire er på trappene.

I 2025 gjekk vi òg i gang med fyrste fase av revitalisering av bergverksutstillinga på Otta. Den noverande bergverksutstillinga vart produsert av Kjell Voldheim for snart 30 år sidan, som ein integrert del av Sel bibliotek. Utstillinga er fagleg sterk, grundig og gjennomarbeidd. Behovet for ei ny utstilling har vore tematisert i fleire år. Saman med Sel kommune har Gudbrandsdalsmusea byrja arbeidet med ei revitalisering av utstillinga om bergverkskulturen i Sel. Gudbrandsdalsmusea har tett dialog med Sel kommune om prosjektet.

Gudbrandsdalsmusea fekk i 2025 økonomisk støtte frå Innlandet fylkeskommune til formidlingstiltak på det freda gardsanlegget Øygarden på Sel. Det var fyrste gong Gudbrandsdalsmusea tok i bruk eit freda gardsanlegg som besøksstad for kulturhistoriske opplevingar. Tiltaket fekk mange positive attendemeldingar og held fram i 2026.

Hjerleid skole og håndverkssenter, Senter for bygdekultur og Gudbrandsdalsmusea hadde våren 2025 besøk av arkitektstudentar frå Arkitektur- og designhøgskulen i Oslo (AHO). Studentane arbeider særleg med arkitektur, transformasjon og gjenbruk av eksisterande bygg. Med frå skulen var universitetslektor Lina Elisabeth Broström og professor Tine Hegli.

Håvard Syse er bygningsvernrådsgjevar i Gudbrandsdalsmusea med spisskompetanse innanfor antikvarisk arbeid på gamle hus, byggeskikk og handverkstradisjonar. I juni i 2025 arrangerte Håvard samling for alle rådgjevarane i Innlandet. På samlinga var det omvising på tre gardar i Norherad: Nigard Kvarberg, Nigard Berge og Syhågå. Seinare bar det til Finndalen, og besøk på Guphågå-setre. Kristine Sørлие frå Reinheimen Nasjonalpark snakka om bygningsvern i eit landskapsvernområde. Knut Ola Storbråten frå Norsk Seterkultur snakka varmt om seterdrifta – og korleis det framleis har ein plass innanfor gamle og verneverdige omgjevnadar.

Laurdag 30. august var det stor feiring på Kvam. Gudbrandsdal krigsminnesamling feira 30 år! Dagen starta i Kvam fredspark med høgtidleg avduking av og kransenedlegging ved minnestøtte over Skottetoget i 1612. Seinare var det føredrag på Kirketeigen om Slaget i Kringen i 1612 og kampane i Gudbrandsdalen i 1940. Det var marknadsdag med salsbodar ved krigsminnesamlinga, og aktivitetar og leiker for borna i fredsparken. Og sjølv sagt var museet ope. Seinare på kvelden var det storstilt festmiddag på Kvam bygdahus med helsingar, musikk – både korps, sekkepipe og song – og utsøkt mat frå Kokken Tor.

Årets seterdag i Finndalen vart ein suksess! Vel 100 var innom Guphågå-setre. På programmet stod kulokk og ysting, kveldsstell og felemusikk. Takk til Aud Hove for vakker song og lokk, til Per Sevald Hyrve for ysting og smakfull raudost, til Rolv Kristen Øygard for spennande historietime, til Edvard og Magnus i Gudbrandsdalsmusea for binding av blomekrans og andre aktivitetar og til Kari og Ola Grøslund for fint spel og gode forteljingar. Seterdagen vart til i samarbeid mellom Gudbrandsdalsmusea og Hans Gubhage. Det blir fleire seterdagar i Finndalen også i år!



Lene Fjeld-Gilberg på
Lesja bygdemuseum.



Satsingar

Gudbrandsdalsmusea skal vere ein aktiv og aktuell samfunnsaktør. Difor tek museet del i fleire lokale, regionale og nasjonale samfunnsprosjekt.

I 2025 etablerte vi ei treårig satsing på hagebruk og berekraft. Prosjektet **Grønne Røtter** er støtta økonomisk av Sparebankstiftelsen DNB, og har blitt ein liten suksess i tett samarbeid med skulen i kommunen. Hagen vart i 2025 også medlem i det landsomfattande hageselskapet Schübelers Hager.

I 2025 har 200 born på Lesja delteke i ulike aktivitetar i hagen. Engasjementet syner ei gryande interesse for praktisk hagebruk – og eit potensial for vidare vekst og utvikling.

Prosjektleiar er Sofia Bang Elm.



Sofia Bang Elm.



Grønne Røtter.

Eit anna prosjekt – **Rom / Space** – har som mål å utforske det offentlege rommet, og dekorere veggjar og flater med nyskapande samtidskunst – i samarbeid med elevar i skulen. Kunstnaren i 2025 var Sedin Zunic. Ny kunstnar i 2026 er Terje Grimen. Tiltaket skjer i samarbeid med Sel kommune, og blir til på tak og flater på Otta.

«**Eit skigardsdele**» er eit treårig prosjekt som handlar om forvaltinga av naturen – og kva som skjer med kulturen når presset på naturen aukar. Prosjektet vart avslutta i 2025.

Prosjektet «**Ung i dialogen**» er ei vidareføring av prosjektet «Ung i debatten». I 2025 vart Gudbrandsdalsmusea med i prosjektet. Meir konkret handlar prosjektet om å skape rom for samtale om ytringskultur, tilrettelegging av debattar og kronikkskriving. Prosjektet blir drive av Valdresmusea, saman med Gudbrandsdalsmusea og Randsfjordmuseet. Ida Amble Ruge er prosjektleiar. I 2025 har Ung i debatten gjennomført arbeidsverkstad med skuleklassar på Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, foredrag med kjende profilar og oppretta dialog med Dovre Ungdomsråd.

«**Carving out a space**» er eit nytt nettverk blant norske museum. I nettverket skal vi utforske nye måtar å formidle kunnskap på – på tvers av formidlingsformer, disiplinær og sektorar. Carving, som prosjektet blir forkorta til, er eit prosjekt under leining av Randsfjordmuseet saman med fleire andre institusjonar.

Gudbrandsdalsmusea har sidan 2017 drive prosjektet **Villreinarven**, eit verdiskapingsprosjekt finansiert av Miljødirektoratet. Prosjektet blir drive av Nordveggen. Ein vellukka nasjonal villreinkonferanse på Otta vart gjennomført no i 2026, og skal etter plana gjennomførast årleg.




Rein i Otta sentrum.

Gudbrandsdalsmusea vart i 2025 med i arbeidet med **TREseminaret** på Hjerleid. Det er viktig – og hyggeleg – å ta del i relevante samarbeid med andre, nærskydde miljø. Vi held fram samarbeidet også i 2026.

Gudbrandsdalsmusea tok i 2025 på seg oppdraget med å sjå nærmare på moglegheitene for utvikling, bruk og drift av **Jørundgard** gjennom ein forstudie. Studien vart gjennomført i 2025. I studien såg vi nærmare på moglege aktørar, driftsmodellar, eigarskap og økonomi, og med vekt på driftsmodellane. Studien vart gjennomført av Bortelaget på Dombås.

Prosjektet **Ungt tradisjonshandverk** tilbyr seks månaders spennande praksisopphald for unge handverkarar på norske museum. Målet er at unge handverkarar skal få auka kompetanse og eit nettverk som gjer det enklare å satse på tradisjonshandverk som yrkesveg. 1. desember var Benjamin Aas på plass som stipendiat i museet. Ungt tradisjonshandverk er eit prosjekt i regi av Norsk håndverksinstitutt, og er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

I 2025 gjekk museet i kompaniskap med Audun Heier om eit **kulturlandsskapsprosjekt i Jutulheimen i Vågå**. I mars i år fekk Gudbrandsdalsmusea tildelt 1,2 millionar kroner frå Sparebankstiftelsen til prosjektet. Prosjektleiar er Audun Heier frå Vågå. Gudbrandsdalsmusea ynskjer å ta eit større samfunnsansvar for kulturlandskapet, både om den historiske bruken, og formidlinga av denne til nye generasjonar gjennom konkrete og praktiske tiltak, mellom anna aktiv beiting med bruk av beitedyr, tynning, hogging, lauving, slått, gjerding og fleire andre tiltak som kan vere med å tilbakeføre dei historiske landskapa. Hovudmålet med tiltaket er å restaurere og ta vare på gamle naturbeitemarkar og setermiljø, formidle kunnskap om kulturlandskapet til barn og unge, og å sikre leveområde for trua artar.



Frå Jørundgard.



Stipendiat Benjamin Aas.

Strategi for dei komande åra

Gudbrandsdalsmusea er eit museum i omstilling. Noverande hovudstrategi går ut i 2025. Planen blir ferdig i 2026.

Strategien skal angi hovudretning for dei neste seks åra, og kva vi gjer for å kome dit. I dokumentet vil vi teikne eit riss av verksemda, verdigrunnlag og kva som opptek oss no, visjonar for framtida, faglege og økonomiske utfordringar og korleis vi skal nå dei måla vi set oss.

Mellom anna skal Gudbrandsdalsmusea:

- verke i samtida og for samfunnet
- vere aktuell og relevant
- forvalte minne, historie og forteljingane om samfunnet
- legge til rette for møte mellom menneske
- vere ror og kompass når verdiar står på spel
- arbeide med den materielle og immaterielle kulturen gjennom innsamling og dokumentasjon, forskning og formidling
- fremje kunnskap, utvikling og kritisk refleksjon
- legge til rette for mangfald, inkludering og involvering

Ut av ein overordna strategi skal vi revidere både sikringsplan og samlingsplan. Forsking har ikkje vore ei prioritert oppgåve i museet, men ny plan blir klar i løpet av våren 2026.



Kyrutstilling.

Utfordringar

Gudbrandsdalsmusea er det minste museet i Innlandet – og vi skal levere på dei same områda som dei store. Ressursane i museet kan derimot ikkje samanliknast med dei andre musea, og fleire oppgåver er dei siste åra sett på vent, til dømes revidering av planverk, men og andre satsingar og tiltak.

Ungdom

Gudbrandsdalsmusea er eit museum i regionar råka av store strukturelle endringar. Dei som kjenner endringane aller mest på kroppen, er ungdom. Ei negativ befolkningsutvikling påverkar samfunnsstrukturen. Skuler blir lagt ned og linefag forsvinn. Utfordringane er allereie store i våre regionar med skulefråfall, utanforskap og låg ungdomsorganisering. På sikt vil slike utviklingstrekk få store samfunnsmessige konsekvensar med svekka demokratiutvikling og fråflytting. Skal vi bygge gode og inkluderande samfunn, må vi ruste organisasjonslivet i alle sektorar – og vi må styrke den kulturelle og demokratiske krafta og motstandskrafta.

Gudbrandsdalsmusea ynskjer i framtida å arbeide meir med born og unge, og har i søknad til Kultur- og likestillingsdepartementet for 2027 bede om auka driftsstøtte til dette tiltaket.

Utanforskap

Gudbrandsdalsmusea sin visjon er å vere ein inkluderande møteplass – og arbeidsplass – for alle. Vi er ikkje i mål, men vi ynskjer å fange breidda av menneske og kulturelle uttrykk. Slik er vi med på å skape ei meir nyantert, heil og sannferdig framstilling av kulturhistoria.

Museet i gang med ny strategi. Det er eit mål at strategien fangar opp det som er viktig og relevant i sektoren no – og at strategien blir ei rettesnor for arbeidet med inkludering, involvering og mangfald. Gudbrandsdalsmusea har ikkje vore særleg merksame i arbeidet med desse temaa, og har ein veg å gå for å vere relevant for fleire. Det gjeld på alle nivåa.

Museet hadde i 2025 møte med Geir Arne Hageland i Funkibator på Dovre. Saman med fleire andre aktørar i museumsfeltet ynskjer vi å arbeide med ein mogleg søknad til Innlandet fylkeskommune om støtte til tilpassingar på utvalde bygningar i musea. Arbeidet har så smått byrja og tek form i 2026.

Bygningsvern

Gudbrandsdalsmusea har ei samling på nær 50 antikvariske hus. Tre av bygningane er freda. Det er registrert lekkasje på fleire bygningar, nokre av dei sig i bakken, botnstokkar skulle vore skifta ut for fleire år sidan. For fleire av husa er situasjonen prekær, og det er behov for strakstiltak.

20 prosent av dei freda husa i Noreg ligg i Gudbrandsdalen, og Gudbrandsdalsmusea er eit viktig utstillingsvindaug for den historiske bygningskulturen vår. Gudbrandsdalsmusea har ingen tilsette handverkarar i museet. Mykje vedlikehald skjer på dugnad, men oppgåvene er store og krevjande og vi kan ikkje lenger belage oss på frivillige. Arbeidet med bygningane krev teknisk og kulturhistorisk kompetanse. Ei anna utfordring er klimaendringane som er med å auke vedlikehaldsbehovet ytterlegare.

Gudbrandsdalsmusea har i søknad til Kultur- og likestillingsdepartementet for 2027 bede om auka driftsstøtte til ei handverksstilling for istandsetting og vedlikehald av bygningsmassen.

Økonomi

Gudbrandsdalsmusea er det minste konsoliderte museet i Innlandet. Tilskott frå staten i 2025 var 5 745 000 kroner. Museet har ikkje hatt ekstra auke i driftstilskottet frå Kulturdepartementet sidan 2015. Det seier seg sjølv at museet ikkje klarar å halde tritt med dei andre musea når tilskotta i sektoren er så skeivt fordelt. Viljen til å skape er der, kreativiteten i museet finst, slik det og er ei grense for kor mykje ein kan skape – og klare – utan ekstra ressursar. Den strukturelle skeivfordelinga gjer det ekstra krevjande å setje i verk nye tiltak.

Den økonomiske utviklinga rammar museet si evne til å løyse samfunnsoppdraget slik dette er utforma i Museumsmeldinga. Ved naturleg avgang har ein måtte omprioritere ressursane til forsterka innsats på andre og meir kostnadskrevjande driftsområde, dette for å møte eit nytt kostnadsbilete og forventningar knytt til digitalisering og profesjonalisert samlingsforvaltning.

Andre utfordringar

Gudbrandsdalsmusea saman med dei andre musea i gamle Oppland har byrja arbeidet med eit nytt fellesmagasin. Gudbrandsdalsmusea helsar initiativet velkommen, og trur eit felles bevaringssenter kan vere med å løyse fleire, felles utfordringar.

Vi har det siste året vidareutvikla ein mal for besøksstatistikk, gjort han meir anvendeleg og treffsikker. Det er behov for jamleg oppdatering av denne, men og av arkivstatistikk og samlingsstatistikk. Dette har vi ambisjonar om å gjere noko med i 2026.

Det er eit mål å kome i hamn med ny strategi i 2026. Sidan tek vi for oss dei andre plan-dokumenta. Oppdatert planverk er ein føresetnad for god, profesjonell og føreseieleg drift. Arbeidet tek tid – men vi er på rett veg.

Styret

Det har vore 5 styremøte i 2025 og styret har handsama 32 saker.

Generalforsamling vart halde onsdag 23. april på Sygard Grytting i Sør-Fron.

Styret har i 2025 vore:

- Cecilie Asp, styreleiar/møteleiar
- Trond Ole Haug, nestleiar
- Bjørn Lonbakken, styremedlem
- Mai Bakken, styremedlem
- Endre Skjåk, styremedlem
- Kristin Akslen Hagen, styremedlem
- Birgitte Bay, styremedlem

Tilsette

Gudbrandsdalsmusea har hatt 13 fast tilsette i 2025, i tillegg til ein stipendiat fram til mai 2026. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillingar. Stillingsstørrelse varierer likevel frå 20 til 100 %.

Gudbrandsdalsmusea har i underkant av 10 årsverk, delt på 13 fast tilsette og nokre engasjement. Oppgåvene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgåver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Gudbrandsdalen.

Tilskotta til museet held ikkje følgje med pris- og lønnsvekst, og det gjer det utfordrande å erstatte avgang fullt ut. Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald



Silje Grande Paulsen,
ny avdelingsleiar på
Lesja frå 2025.

Fast tilsette 2025:

- Benjamin Aas, 50 %, stipendiat
- Eirik Haugen, 60 %, Jutulheimen og registrering av gjenstandar, Vågå
- Håvard Syse, 100 %, bygningsvernrådsgjevar, Lesja
- Inger Synnøve Killi, 20 %, Lesja bygdemuseum
- Kirsten Visdal, 50 %, utstillingsansvarleg
- Knut Aastad Bråten, 100 %, direktør
- Kristin Akslen Hagen, 100 %, Vågå bygdemuseum, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Vågå
- Nils Teigen, 20 %, handverkar, Lom bygdemuseum
- Ola Bismo Klashaugen, 60 %, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Ringebru
- Ola Tovmo, 50 %, Innlandsarkivet, Dombås
- Per Gunnar Hagelien, 100 %, Pilegrimssenteret, Gudbrandsdal Krigsminnesamling
- Silje Grande Paulsen, 100 %, avdelingsleiar, Lesja
- Stein Grjotheim, 20 %, Innlandsarkivet, Skjåk
- Tom Willy Rustad, 100 %, Innlandsarkivet og Folkemusikkarkivet, Ringebru og Ringebru Stavkyrkjeutstilling

Prosjekt 2025:

- Solveig Brøste Sletta og Anne Cathrine Enstad – Villreinarven
- Sofia Bang Elm – Grønne Røtter
- Ida Amble Ruge – Ung i dialogen

HMS

Gudbrandsdalsmusea er medlem i arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og har hovudoverenskomst gjennom dei. Personalhandboka regulerer det daglege for personalet. Det blir i desse dagar arbeidd med ny, digital personalhandbok utarbeidd av Virke.

Museet er medlem i bedriftshelsetenesta Falck. Museet har verneombod, Håvard Syse. Arbeidsmiljø og vurdering av tiltak blir drøfta ved behov. Årlege personalsamtaler blir gjennomført med alle fast tilsette, og seniorsamtale med alle over 67 år. Museet er medlem i KLP pensjon og har personalforsikringa der.

Dei tilsette samlast både til faste personalsamlingar og i ulike faggrupper etter behov.

Det har i heile 2025 vore arbeidd systematisk med oppdatering av skjema og avtalemalar, fyrst og fremst for å sikre lovmessige og forskriftsmessige rammer om arbeidet i organisasjonen. Ny ROS-analyse er på plass, og blir i desse dagar evaluert saman med verneombod.

Sluttord

Eit museum er som samfunnet: det fungerer fyrst når alle kjenner seg inkludert og sett.

Kan vi klare det?

Forteljinga om Noreg er stor – og kompleks, og handlar ikkje berre om kjende og einerådande historier og sanningar. Musea skal vere eit nav for alle – ein heim der alle skal kjenne seg inkludert og sett, som løftar og utforskar gløymde og underkommuniserte forteljingar og tema.

Ikkje alle kjenner seg heller heime på musea og mange livshistorier har vore vanskelege å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om kven ein set i sentrum for formidlinga og korleis ein kan nå fleire.

2025 har vore eit svært innhaldsrikt og godt år for museet. Vi har skapt mykje – og vi har sett museet på kartet, ikkje berre lokalt og regionalt, men og i tett samarbeid med institusjonar i heile landet. Det er eit mål å skape engasjement, delta og å sikre plass – ikkje minst blant dei andre musea i det nasjonale museumsnettverket.

Særleg takk til styret og alle tilsette for arbeidet de legg ned for kulturarven kvar dag. De er limet i organisasjonen, dyktige fagfolk med stor integritet i arbeidet, og vilje til å drive det kulturhistoriske arbeidet framover. De har alle stor omsorg for museet – og ikkje minst for dei oppgåvene som ligg framfor oss.

Eit museum er ikkje til for seg sjølv, men står i nær dialog og kontakt med mange rundt. Gudbrandsdalsmusea er til for alle dei som bur her, og for samfunnet elles. Difor er tett kontakt og tillitsfull dialog eit grunnleggjande fundament i alt som blir skapt i museet – anten vi er arkivarar eller arbeider som avdelingsleiarar, vi driv med bygningsvern eller legg til rette for pilegrimar, ordnar med konsertar, lagar utstillingar, teller pengar eller sel bøker; vi er til for nokon, vi er til for menneska i lokalsamfunnet.

Musea sitt samfunnsoppdrag endrar seg. Meir enn nokon gong skal musea verke i samtida, dei skal løfte tema som er relevante og aktuelle, eller tema vi sjeldan og aldri snakkar om. Eit vidløftig oppdrag. Nettopp difor er det så viktig at vi tek det på alvor.

Kampen om sanninga er ein kamp om historiene. Forteljingane frå fortida er ikkje

irrelevante, men eit livsviktig kompass i samtida, ein erfaringsbank som vi kan hauste og lære av. Når andre rustar opp, skal musea hjelpe oss til å sjå konsekvensane av det som skjer. Når verdsleiarane slåst om merksemd og trugar kvarandre med våpen, kan musea hjelpe oss til å sjå samanhengar mellom ord og handlingar, hjelpe oss til å lære av våre eigne feil, hjelpe oss til å bli motstandsdyktige og kritiske medborgarar.

Folkekulturen ligg djupt forankra i oss. Han er sporet frå fortida og moglegheitene for framtida. Folkekulturen er summen av uttrykksformer som lever og verkar, og som pustar i oss. Folkekulturen er aldri statisk, men vital og levande – og han endrar seg. Det er eit godt utgangspunkt for eit museum som skal forvalte og formidle kulturen for framtida.

Lesja, 29. mars 2026

Knut Aastad Bråten
Direktør
Gudbrandsdalsmusea

Vedlegg Gudbrandsdalsmusea AS 2025, Rapport frå avdelingane



Gudbrandsdalsmusea AS 2025 Rapport frå avdelingane

Norsk Fjellmuseum

Norsk Fjellmuseum har i 2025 arbeidd med mange spennande formidlingsopplegg med stor variasjon for ulike klassesteg. I tillegg til aktivitetar av ulik art har museet jobba vidare med det store forskingsformidlingsprosjektet Fjellviten, ferdigstilt manus og byrja filming i villreinprosjektet og opna ny utstilling i samband med det internasjonale året for bevaring av brear.

Organisasjonen fungerer som ein møteplass og eit knutepunkt mellom offentlege aktørar, forskings- og kunnskapsmiljø, frivillige organisasjonar og næringsliv med tilknytning til fjellområda.

Det faglege miljøet på fjellsenteret består mellom anna av SNO, Lom fjellstyre, nasjonalparkforvaltarar for Jotunheimen og Reinheimen, Statsforvaltaren i Innlandet, lokale guidefirma, Klimapark 2469 og besøkssenter nasjonalpark. Ei tverrfagleg forskingsgruppe er knytt til senteret, med forskarar frå UiO, UiB, NTNU, NINA, MET, NVE og Innlandet fylkeskommune.

Norsk Fjellmuseum mottok i 2025 – saman med Kulturhistorisk museum – den prestisjetunge europeiske kulturminneprisen, Europa Nostra Award

2025, inkludert ein Grand Prix, for «Secrets of the Ice»-programmet. Prisen er ei stor anerkjenning for det banebrytande brearkeologiske forskings- og formidlingsarbeidet som blir gjort i Lom.

Bygningsvernrådgevinga

Rådgevingstenesta skal vere eit tilbod som er lett tilgjengeleg, rimeleg og gjev eit godt grunnlag for å koma vidare i prosjekt med istandsetting av eldre hus. Gjennom tenesta får huseigarar svar på kva som må gjerast, kva som kan gjerast, korleis ein gjer det og vegen vidare. Vi prøver å svare ut konkret og på eit nivå som er tilpassa den einskilde. Både hus og eigarar er ulike.

Rådgevingstenesta hadde stor pågang alt frå januar og jamt gjennom heile året. Dette lovar bra for mange eldre bygningar og fine stader.

I 2025 vart det gjennomført fleire kurs og samlingar. Mellom anna vart det arrangert kurs i komposisjonsmåling kokt på mjøl, salt, vatn og fargepigment – til utandørs bruk. Kurset gjekk over to dagar. Kurshaldar var Knut Øystein Bakken. Mellom 8 og 10 deltok på kurset.

Dugnadsgjengen på Sagflaten har pussa opp kontorbrakka. Kassehuset med smie er ferdigstilt med interiør. Anlegget kan og bør brukast i formidling av steinarbeid og industrihistorie.

Samarbeidet mellom Gudbrandsdalsmusea og Øygarden kulturgard på Sel har vore givande, også i bygningsvernsamanheng. Vi hadde ein dag med samtale om bruk og vern av gamle hus. Inviterte gjester hadde mykje å by på, mellom dei Simen Bjørgen frå Kulturminnefondet. Vi satsar på fleire samlingar i 2026.

Gardsbesøk har vore eit populært tiltak gjennom fleire år. Eitt av desse vart i år arrangert som kveldsseto og samla mykje folk på Myrum i Vågå. På seinhausten var ein god gjeng samla hjå Hans Hagen i Skjåk.

Vi har òg fått svar på nokre dateringsprøver med dendrokronologiske undersøkingar, og gjennom året har vi teke nye prøver som vi håpar å få svar på.

Innlandsarkivet

Avdeling Dombås

På grunn av bygging av nytt toalettanlegg i underetasjen i Frich-garden måtte arkivmagasinet flyttast. Alt arkivmateriale vart flytta til eit midlertidig lokale i mars månad, reolane demontert og lagra. Nytt magasin var klart tidleg i oktober, og arkivet vart flytta attende med god dugnadshjelp frå Dombås musikkforening.

Mykje tid vart brukt til gjennomgang av fotomaterialet frå Vigga, som var levert hausten 2024. Negativalbum med bilete frå 1994 til 2004

(ikring 40 000) vart grovregistrert i excel. CD-ar med bilete frå 2002 til 2007 vart kopiert over til harddisk, og bileta vart registrert i excel, i alt litt over 22 300 bilete.

Elles vart det skanna ikring 1500 nye bilete, noko innlånt og noko frå Viggja-arkivet. Om lag halvparten vart gjort av to friviljuge. Sist på året vart biletsamlinga frå Lesja overført til muséet, og arkivet starta med gjennomgang av materialet for vidare registrering i Primus.

Avdeling Vågå

I 2025 har det vore stort engasjement, solid dugnadsånd og jamn utvikling av arkivet i Vågå. Arkivet har halde fram som ein viktig ressurs for lokalhistorie, kulturarv og dokumentasjon av livet i bygda. Den frivillige innsatsen har vore avgjerande for at vi kan halde oppe både aktivitet, kvalitet og tilgjenge. Arkivet har vore ope jamleg gjennom året, med god pågang frå både ei lokalbefolkning, slektsgranskarar og tilreisande med interesse for slekt og Vågå-historie.

Arkivet har også bidrege med informasjon og kjeldemateriale til lokale prosjekt, jubileum og kulturarrangement. Eit stort prosjekt var «UT» – som var 200-årsmarkering for utvandringa til Amerika. Her hadde vi intervju, fotoinnsamling, fotokveldar og ei stor førestilling. Det har kome inn fleire nye private arkiv og fotosamlingar gjennom året.

Frivillig arbeid har vore heilt sentralt i 2025. Innsatsen omfattar sortering og registrering av arkivmateriale, digitalisering av foto og dokument, registrering av boksamlinga vår, publikumshjelp og rettleiing og deltaking i prosjekt og arrangement.

Til saman er det lagt ned eit betydeleg tal dugnadstimar – ein innsats som ikkje berre sparar kostnader, men som også tilfører kompetanse, lokalkunnskap og eit sterkt fellesskap rundt arkivet.

Avdeling Skjåk

Arbeidet i 2025 har i stor grad gått på det som stod i årsplanen for arkivavdelinga: Ajourføring av avtaler, finordning av arkiv, og innsamling og registrering av biletmateriale samt oppdatering av rutinar for sikring av registreringar og data. Vi har relativt sett ei god og spesifisert oversikt over foto, film- og lyd materialet i excel.

Tre nye arkiv og 1428 nye bilete er registrerte siste året. Det har vore gjort eit godt arbeid med å tilføre samlinga ny informasjon. Vi veit at det finst mange interessante bilete rundt om i bygda, men det må arbeidast aktivt for å få tak i desse. Biletsamlinga er totalt på ikring 35 300 foto. Dette talet er i samsvar med måten arkivstatistikken blir gjort på. Totalt ligg det ute 15 233 foto på Digitalt Museum. I 2025 vart det lagt ut 2469 bilete. Dette arbeidet fører til stadig større etterspørsel etter bilete frå institusjonar og private. Eit vesentleg moment for oss er dei korrigerane og tilleggsinformasjonen som kjem

inn frå dei som ser på bilete på nettet. I 2025 har vi starta opp med digitalisering og registrering av negativ frå lokalavisa Fjuken. Dei klimatiske tilhøva er relativt stabile og akseptable i høve til det materialet vi har.

Samarbeidet med i Skjåk kommune, Skjåkheimen, Skjåk folkebibliotek og lag og organisasjonar heldt fram utan store endringar. Dette gjeld både ved arrangement og hjelp med registreringsarbeid, innsamling av materiale, og ved bruk av sams utstyr og lokale. Lokalavisa Fjuken er og ein god samarbeidspartnar. *Skjåkkalenderen* og *Kveldsseto*, som kjem ut kvart år, er og ein god formidlar av bilete og arkivmateriale. Som nemnt ovafor er Primus og Digitalt Museum ein svært viktig formidlar av fotosamlinga.

Ei lita avdeling som Skjåk er heilt avhengig av samarbeid med andre lag og organisasjonar for å kunne få gjennomført arrangement, utstillingar og innsamlingar. Dette året var det og besøk i skulesamlinga i Øygard skule. Det vart eit fint arrangement med interesserte og ivrige elevar som gjerne ville vite korleis det var å gå på skulen på 1950-talet.

I løpet av året har arkivet vore involvert i fleire arrangement og opplegg på eige initiativ eller i samarbeid med andre organisasjonar. Her kan nemnast utstilling i samband med markering av 8. mai, eit foredrag om utvandring, eit foredrag av

Anne-Mette Vibe om fjellvandraren og pioneren Therese Bertheau og film- og biletfamsyningar fleire stadar.

I samarbeid med Skjåk folkebibliotek har arkivet hatt ei målretta innsamling og utval av bilete med tanke på ei fotoutstilling i Skjåk om utvandring. Denne var brukt både på Skjåk folkebibliotek i mars 2025 og i samband med Diktardagar 2025, der tema var: Vandring og forandring.

Avdeling Ringeby

Publikum har kome med mange spanande arkiv til Midtdalsarkivet, og vi er veldig glade og takknemlege for denne kontakten. I 2025 fekk Ringeby Historielag Kulturprisen av Ringeby kommune for sin fantastiske innsats med å digitalisere foto på Digitalt Museum. Gudbrandsdalsmusea er stolt av samarbeidet med historielaget. 6500 foto er digitalisert på Digitalt Museum med Gudbrandsdalsmusea sitt vassmerke.

Midtdalsarkivet har eit samarbeid med Per Gynt AS i å dokumentere den hundreårige historia til spelet på Gålå. Dette vil munne ut i ei jubileumbok i 2027. Midtdalsarkivet har også hatt eit spanande samarbeid med Norsk Fototeknikk om å lydigitalisere handskrive protokollar, og implementering av søkbar emnekoding for handskrive metadata. Det er søkt om tilskot for dette pilotprosjektet.

Folkemusikkarkivet

Avdeling Nord-Gudbrandsdalen / Vågå

2025 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år for Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen. Arkivet har vore ein viktig ressurs for innsamling, bevaring og formidling av folkemusikktradisjonane i regionen. Gjennom samarbeid, digitalisering og formidling har vi styra både tilgjenge og kunnskap om den rike kulturarven vår. Det er gjennomført fleire opptak av lokale utøvarar, både etablerte og yngre tradisjonsberarar gjennom konsertar og kappleik. Arkivet driv formidling ut til profesjonelle utøvarar, forfattarar og nye spelmenn. Det er gjort systematisk arbeid med å registrere og kvalitetssikre metadata for opptak. Vi har samarbeidd med utøvarar og arrangørar om å løfte fram historiske opptak inn i nye produksjonar.

Avdeling Sør- og Midtdalen / Ringeby

Folkemusikkarkivet har i 2025 hatt eit nært samarbeid med Landslinja i folkemusikk på Vinstra, der folkemusikkhistorie og arkivkunne har stått på timeplanen to dagar i veka. Dette kjem i tillegg til det vanlege faglege samarbeidet mellom folkemusikkarkivet og Ole Bull Akademiet på Voss. I mars var det storslått boklansering med Mukampen spelmannslag og lansering av boka om musikken og livet til folkemusikaren Torgeir Iverstuen frå Skåbu. Her har folkemusikkarkivet bidratt med arkivfoto og gamle notemanuskript. I høve utvandarjubileet var vi med å spelte konsertar

både i Otta samfunnshus, Ullinsvin og for Vågå ungdomsskole. Folkemusikkarkivet har hatt eit samarbeid med Sør-Fron spelmannslag i å arrangere munnharpekurs for nybyrjarar. Dette var eit populært tiltak og vil halde fram i 2026. I *Årbok for Gudbrandsdalen* har folkemusikkarkivet skrivt ein artikkel om cisteren i Gudbrandsdalen. Hardanger Folkemuseum inviterte folkemusikkarkivet til The National Museum of Olomoc i Tsjekkia. Her spelte vi folkemusikkonsertar og utveksla erfaringar kring bevaring av immateriell kulturarv. Folkemusikkarkivet har også hatt konsertforedrag på Øya mellomaldergard i Sel, og for Senioruniversitetet i Midtdalen.

Avdeling Vågå bygdemuseum / Jutulheimen

Jutulheimen har i 2025 halde fram som eit levande bygdemuseum for heile Vågå og regionen. Museet har vore ein møteplass for både lokalbefolkning, tilreisande og frivillige som ønskjer å ta vare på historia gjennom kveldsseto, konsertar, utstillingar og andre arrangement. Året har vore prega av jamn aktivitet, godt samarbeid og eit tydeleg engasjement. Vi har eit godt samarbeid med Vågå historielag, som er eigar av Jutulheimen. Dei stiller opp som frivillige når det er husvask, dugnad, arrangement, gaiding og vedlikehald.

Besøkstala for 2025 viser ei stabil interesse for museet. Det er særleg lokalhistorisk interesserte, konsertpublikum og skulen som har funne vegen til

Jutulheimen. Fleire grupper har bestilt omvising på førehand, noko som viser at museet er attraktivt for organiserte besøk.

Mykje av inntektene kjem frå utleige av lokale til konfirmasjon, bryllaup, fest og anna. I år har vi også gode inntekter på konserter. Vi har oppretta godt samarbeid med samarbeidsutvalet i Ullinsvin, som ordnar med servering på konsertane.

I år hadde vi ein julekalender på Facebook som var veldig populær. Her var det lokalhistorie og gjenstandssamlinga vår som var presentert. Vi har også godt besøk på Digitalt Museum der vi har mykje engasjement kring gamle foto.

Engasjementet og innsatsen frå bygda er avgjerande for at museet kan halde fram som ein viktig del av kulturarven vår.

Avdeling Presthaugen / Lom bygdemuseum

I heile juli arrangerte Gudbrandsdalsmusea, saman med Lom Heimbygdslag, fleire aktivitetar i Presthaugen – frå husdyrdag til konsertar og føredrag. To sommartilsette var engasjert, Synne Kjøk og Iselin Anna Aukrust. Eit rikhaldig program vart laga, og ser slik ut:

Sundag 22. juni:	Husdyrdagen
Torsdag 3. juli:	Konsert Astrid Sulheim

Laurdag 5. juli:	Føredrag Sæbjørn Forberg. Konsert Synne Kjøk og Iselin Anna Aukrust
Laurdag 12. juli:	Konsert Synne Kjøk og Iselin Anna Aukrust
Laurdag 19. juli:	Føredrag Knut Ola Storbråten. Konsert Magnhild og Torbjørn Helland
Laurdag 26. juli:	Konsert Astrid Garmo
Tysdag 29. Juli:	Olsokmarkering
Laurdag 2. august:	Føredrag Hanna Gjeilo Skjåkødegård. Konsert Synne Kjøk og Iselin Anna Aukrust
Laurdag 9. august:	Seterdag i Finndalen
Tysdag 16. august:	Konsert Tone Hulbækmo
Sundag 5. oktober:	Vasspreiarden

Ny avdelingsleiar i Presthaugen kjem på plass i mai 2026.

Avdeling Ullinsvin gamle prestegard

I år har det vore høg aktivitet, godt samarbeid og stor interesse rundt Ullinsvin som kulturarena og møteplass. Ullinsvin har styrka si rolle som eit av dei viktigaste kulturpunktka i regionen, der tradisjon, kunst, historie og lokalt engasjement møtest. Ikkje minst så har dei frivillige lagt ned ein betydeleg innsats for å halde staden levande og tilgjengeleg heile sommaren – mellom anna i hagen, kafeen, galleriet, husflidslaget, historielaget, på arrangement med meir. Den samla innsatsen utgjer eit stort tal dugnadstimar og er heilt

avgjerande for at Ullinsvin kan halde oppe aktivitetsnivået og kvaliteten.

Ullinsvin har vore godt besøkt gjennom heile sommarsesongen, med jamn trafikk av både turistar, lokalbefolkning og kulturinteresserte.

Utstillingane har hatt god oppslutning og har bidrege til å løfte Ullinsvin som kunst- og kulturarena med ein enorm kvalitet. Gudbrandsdalsmusea hadde i 2025 utstillinga *LIN 2.0*, skapt og kuratert av Kirsten Visdal. Seinare på hausten stod Visdal og for kurateringa av utstillinga *De kvinnelige polarheltene* – ei utstilling om skinn og klede med og av Sofie Kleppe.

Det har vore arrangert konsertar, foredrag og kurs i samarbeid med husflidslaget, historielaget og samarbeidsutvalet for Ullinsvin. Gjennom sommaren har vi musikk på tunet kvar torsdag med både lokale og regionale musikarar. Dette er veldig populært.

Heile området i Ullinsvin og Jutulheimen er ein veldig populær arena for skulen og barnehagen. Dei har lunsj i hagen, aking i bakken, leik i gapahuken og kos med geitene.

Det er mykje skulebesøk i Ullinsvin gjennom året. På utstillingane *LIN 2.0* og *De kvinnelige polarheltene* har det vore innom ikring 650 elevar frå skulane i regionen.

Avdeling Dale-Gudbrand / Tusenårsstaden

Avdelingane på Dale-Gudbrand formidlar historia om Tusenårsstaden Dale-Gudbrands gard og gjev informasjon om Olavstradisjonen. Avdelingane er samlokalisert med Pilegrimssenter Dale-Gudbrand og samarbeidar tett mot senteret når det gjeld informasjon og mottak av pilegrimar. Gardsbutikken organiserer overnatting for pilegrimane.

Gudbrandsdalsmusea er sterkt involvert i Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard. Vikingdagar er eit DKS-opplegg og eit tilbod til alle sjetteklassingane i Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Vikingdagar blir gjennomført kvart år i september månad. I 2025 vart vikingdagane avlyst grunna dårleg vær.

Avdelingsleiar ved avdelinga har halde fleire foredrag og guiding for grupper både i eigen regi og på oppdrag frå Dale-Gudbrands gard kurs og konferansesenter. Olsok 2025 vart eit flott arrangement som samla fleire hundre menneske med mellom anna foredrag, folkemusikk-gudsteneste og vandring. Her var Gudbrandsdalsmusea ein av arrangørane. Olsok er i dag eit årleg arrangement, og ein varig verdi etter Hundorp 2021.

Avdelinga Gardsbutikk har hatt ein liten nedgang i besøk og i sal. Ein ser likevel god nytte i avdelinga og avdelinga hadde i 2025 eit positivt resultat.

Skuleformidling er eit viktig tiltak, og i 2025 var 6. trinn i grunnskulen i Sør-Fron innom Tusenårsstaden for skuleformidling, der tema var gardens historie og Olav den heilage.

Avdelinga forvaltar Tusenårsstien og appen *Hidden – Hundorp 2021*. Tusenårsstien er ein etablert rundløype med 9 informasjonsskilt som formidlar historia på garden. Tusenårsstien er godt besøkt gjennom vår, sommar og haust. Gudbrandsdalsmusea ser no på moglegheita for ei digitalisering av denne stien.

Hidden – Hundorp 2021 er ei digital formidling. Publikum kan gå virtuelt og få innblikk i kvardagen i vikingtida sett gjennom augo til ei ung vikingjente. Hausten 2025 vart applikasjonen oppdatert. Det er planar om ei større oppgradering i 2026, under føresetnad om finansiering.

I 2025 gjentok turoperatøren Kuoni-Tumlare suksessen frå 2023 og 2024. Dei har hatt bussgrupper på omvising i regi av avdelinga gjennom heile sommaren. Om lag 30 grupper har vore innom. Kuoni-Tumlare er ein av verdas største turoperatørar.

Avdelinga har ikkje noko samling av gjenstandar, men har fleire kunstinntallasjonar som avdelinga forvaltar. Desse kunstverka er Forflytning, Mappa Mundi og Pilegrimskapellet med kunst av Borgny

Svalastog. Samstundes forvaltar avdelinga, på vegne av Sør-Fron kommune, kulturminna på garden. Eit arbeid med revidering av skjøtselsplan vart starta opp i 2024 og forventast ferdig i 2026. Avdelingsleiar og kulturleiar i Sør-Fron kommune skriv planen saman. Innlandet fylkeskommune, som overordna myndigheit, skal godkjenne planen.

Avdeling Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand vart oppretta i 2010 som ei avdeling i Gudbrandsdalsmusea. Pilegrimssenteret har ansvaret for pilegrimsleia frå Brøttum og Vingrom i sør til Dovre i nord. Pilegrimssenteret har dagleg leiar i 90 % stilling.

I 2025 har pilegrimsleia gjennom Gudbrandsdalen tilbod om 30 overnattingsstader med til saman 811 sengeplassar. Pilegrimssenteret har sett opp 7 gapahukar og 12 benker, dette i samarbeid med kommunane og frivilligheita. I tillegg har regionen fått 4 kvileplassar i samband med prosjektet *Tankeplass – kunst langs Pilegrimsleden*. Det blir arbeid kontinuerleg med merking og skjøtsel, i tett samarbeid med kommunar og frivillige.

Gjennom 2025 har Pilegrimssenter Dale-Gudbrand, som i alle år, gjennomført fleire befaringar på leia i regionen for å sikre at infrastrukturen er innafør dei kvalitetskriteria som gjeld i Nasjonalt Pilegrimssenter. Det er ikkje identifisert utfordringar som fordrar ekstraordinære tiltak. Likevel har

senteret arbeidd med informasjonstiltak og kunnskapsdeling for å forebygge.

I 2025 er det gjort tiltak i samband med ny E6 mellom Biri og Lillehammer. Dette i nært og godt samarbeid med Nye Veier AS og entreprenør. I tillegg følger senteret opp arbeidet med ny E6 mellom Lillehammer og Øyer.

Senteret har eit godt samarbeid med kommunane og frivilligheita for å sikre kontinuitet i arbeidet med merking, vedlikehald og skjøtsel. Alle kommunane har skriftleg avtale med frivilligheita.

Friluftslivets år 2025 vart markert med vandring i samarbeid med DNT på pilegrimsleia mellom Hundorp og Vinstra.

I 2022 initierte Pilegrimssenter Dale-Gudbrand faste møte mellom RPS-ane og fylkeskommunane langs Gudbrandsdalsleden. Tema på møta er utvikling av og strategi for Gudbrandsdalsleden innafør arbeidsfelta til fylkeskommunane, slik som kultur og kulturarv, natur og miljø, næringsutvikling og regionalutvikling.

Andre tiltak:

- FITUR – verdas nest største reiselivsmesse, Madrid, Spania
- Generalforsamling RADA Reiseliv
- Infotavler og merking i samband med omlegging ny E6 Biri – Storhove

- Nasjonal pilegrimskonferanse
- Nytt herberge Skjøsberg, Øyer
- Offisiell opning av Olavskapellet, Covarrubias, Spania
- Offisiell opning av Tankeplass Nord-Fron
- Olavsfest – bemanning av Pilegrimsboden
- Prosjektleiing av Prosjekt Pilegrimsbuer
- Med i styringsgruppe Tankeplass 2
- Vertskap for Erasmus+ 22.–26. september – ACSOW
- Årsmøte ACSOW

Avdeling Gudbrandsdal krigsminnesamling

Gudbrandsdal krigsminnesamling er ei samling der krigshandlingane frå april dagane 1940 og okkupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst. Samlinga inkluderer gjenstandar innlånt frå Forsvarsmuseet, Lillehammer Museum Maihaugen, og frå private. I alt er det 1001 gjenstandar i samlinga. I samlinga inngår og ei utstilling om skottetoget i 1612.

I 2025 hadde samlinga noko skuleformidling, diverre noko mindre enn i 2024. Skuleformidling er eit viktig satsingsområde og alle skulane i Gudbrandsdalsmusea sitt område har tilbod om gratis besøk på avdelinga.

8. mai var Gudbrandsdalsmusea med i markeringa av frigjerings- og veterandagen. Avdelinga var medarrangør for arrangementa i Midt-

Gudbrandsdalen, og deltok på markeringane i Kvam og Sødorp.

Gruppebesøk frå inn- og utland med formidling av krigshistoria i dalen var det ein del av i 2025. Totalt besøkte 719 samlinga i 2025, ei auke på ikring 10 %. Museet har og vore ein medspelar om flyvraket på Øverlihøgda i Ringebu kommune. Ringebu kommune har bede museet om ei vurdering av formidlinga av historia til flyvraket. Arbeidet held fram i 2026.

Gjennom året har avdelinga hjelpt forfattarar og forskarar med ymse. Blant anna har ein ukrainsk historikar, Ivan Torkotyk, besøkt krigsminnesamlinga for å dokumenterue beltesystemet til den tyske tanksen Neubaufahrzeug, som vi har i utstillinga.

Gudbrandsdalsmusea har i samarbeid med Heimevernet starta eit arbeid med å reise ein minnestein over Heimefronten sitt arbeid i Gudbrandsdalen. Dette er finansiert med midlar frå kommunane og Forsvarshistorisk Museum. Frivilligheita har gjort eit arbeid med å sette opp steinen. Avduking er planlagt 8. mai 2026.

Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling markerte i 2025 30-årsjubileum for stiftinga og museet. Direktør Knut Aastad Bråten representerte Gudbrandsdalsmusea på jubileumsdagen. Stiftinga har utarbeidd ein eigen rapport for markeringa.

I samarbeid med stiftinga forvaltar museet gjenstandar som er gjeve som gåve frå privatpersonar og institusjonar/firma, og gjenstandar innlånt frå Forsvarshistorisk Museum, Lillehammer Museum Maihaugen og privatpersonar. Det gjer at sikringstilhøve er viktige. Difor vil Gudbrandsdalsmusea revidere sikringsplanen for avdelinga i 2026.

Gudbrandsdalsmusea har og gjort ei avtale med Skjåk kommune om ivaretaking av våpensamlinga etter Per Vottanes. Disse våpena blir oppbevart på avdelinga i påvente av ei avgjerd om korleis gjenstandane skal stillast ut. Gudbrandsdalsmusea er i dialog med Skjåk kommune og Lom og Skjåk skyttarlag om ein plan for ei mogleg utstilling i 2026.

Det har ikkje vore noko større registreringsarbeid ved avdeling i 2025 og etterslepet er minimalt. Det er elles starta eit arbeid med å få digitalisert utstillinga. Diverre fekk museet avslag og arbeidar vidare med alternativ finansiering.

Gudbrandsdalsmusea har søkt om midlar til ny lyssetting slik at ein får skifta ut eksisterande lyssetting til meir miljøvenlege lamper.

Gudbrandsdalsmusea er også ein samarbeidspartnar i arbeidet med å gjera 8. mai til ein meir heilskapleg arena for frigjerings- og veterandagen.

Stiftinga, som er eigar, har planar om nybygg og museet er ein samarbeidspart.

Sikringstilhøva ved avdelinga er jamt over gode. Klimaforholda er innafor verdiane som er sett for gjenstandane. Ein må sjå på forholda rundt papirarkiv. Museet har gjeve ei anbefaling om å flytta papirarkivet til Midtdalsarkivet i Ringeby.

Gudbrandsdal krigsminnesamling er ei stifting og har ei venneforeining. Arbeidet i stiftinga og venneforeininga er basert på frivillig innsats, og foreininga er svært aktive. Venneforeininga legg ned mykje arbeid med å vedlikehalde bygningsmassen og dei hjelper museet med registreringsarbeid, formidling og idear. Museet har eit godt samarbeid med frivilligheita. Stiftinga har utarbeid ein strategiplan for sitt arbeid.

Avdeling Lesja bygdemuseum

Lesja bygdemuseum har i heile 2025 gjennomført eit omfattande program med aktivitetar, kurs, foredrag og konserter, både innandørs og utandørs. I tillegg til daglege tilbod innan husflid og tradisjonell bakst, har museet arrangert foredrag og konserter kvar laurdag gjennom sommarsesongen. På hausten vart det gjennomført to større arrangement; Vedrock og Jul på tunet, som båd hadde god oppslutning. Museet har brei støtte frå frivillige i bygda, som gjennom heile året bidreg aktivt med formidling av lokal og regional, materiell og

immateriell kulturarv. Mykje av frivilligarbeidet blir organisert saman med Lesja bygdekvinnelag, Husflidslaget i Lesja, Lesja historielag og venneforeininga på museet.

I 2025 opna filmutstillinga *Kornet – frå overskott til kollaps* i Kornmagasinet. Nestandestugu fekk også fornya aktivitet dette året. I sommar vart det vist ein mindre pop-up-utstilling med rokkar, og på hausten starta arbeidet med å etablere ein verkstad for ein utøvande sylvsmed. Formålet er å styrke formidlinga av tradisjonelt handverk og samtidig komplettere den eksisterande bunadsutstillinga i bygningen.

Etableringa av den nye grønsakhagen, leia av Sofia Bang Elm, har vore eit av årets høgdepunkt. Hageprosjektet, som har fått namnet Grønne Røtter, er realisert med økonomisk støtte frå Sparebankstiftelsen. Lesja bygdemuseum satsar på ein levande hagearena der barn og unge kan lære om berekraftig hagebruk, lokal matkultur, beredskap og naturforståing. Hagen er utforma med lett tilgjengelege dyrkingsbed, informasjonsmateriell tilpassa undervising og aktivitetar som stimulerer nysgjerrigheit og engasjement på tvers av aldersgrupper.

Grønne Røtter skal involvere museets besøkande, lokale familiar og frivillige i ulike aktivitetar i tradisjonelle så vel som moderne jordbruksteknikkar. Målet er å utvikle ein inkluderande møteplass som styrkar museets rolle som sosialt og kulturelt samlingspunkt i bygda.